

## **Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 15.10.2020**

**June Indrevik (H), Kjell Håland (A) og Knut Inge Andersen (FNB)** stilte spørsmål om deira habilitet fordi dei er høvesvis medlem, leiar og vara i Verdsarvrådet for Bryggen. Indrevik, Håland og Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Indrevik, Håland og Andersen ikkje var inhabil. Indrevik, Håland og Andersen tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til dei reviderte retningslinjene for tilskot til sikring og istandsetting av Bryggen.